



NOREGS HØGSTERETT

Den 12. november 2012 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Øie og Endresen i

HR-2012-02150-U, (sak nr. 2012/1662), sivil sak, anke over orskurd:

Fjellstrand AS (advokat Christian Hausvik)

A
B
C
D (advokat Filip Truyen)

Sparebank 1 SR Finans AS (partshjelper) (advokat Stein Pettersen)

mot

Miljødronningen AS (advokat Pål Magne Bakka)

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld krav om bevistilgang i sak for lagmannsretten.
- (2) Norges Miljøvernforbund eig via Miljødronningen AS skipet M/S Miljødronningen. Miljødronningen AS inngjekk 1. februar 2008 ein avtale med Fjellstrand AS om leige av ein fjernstyrт undervassfarkost – ein såkalla ROV. ROV'en skulle nyttast om bord i M/S Miljødronningen.
- (3) Det oppstod etter kvart usemje mellom partane. Ved stemning 30. mars 2011 reiste Fjellstrand AS sak for Bergen tingrett mot Miljødronningen AS, med krav om utbetaling av uteståande leige. Miljødronningen AS gav tilsvarende stemming i motsøksmål, med krav om at Miljødronningen AS er eigar av ROV'en og at det skal betalast 4,2 millionar kroner som fullt oppgjer. Sparebank 1 SR Finans AS (SRF) gav 31. august 2011 fråsegn om partshjelp for Fjellstrand AS.
- (4) Bergen tingrett kom i dom 20. desember 2011 til at Miljødronningen AS ikkje er eigar av ROV'en, at Miljødronningen AS skal betale Fjellstrand AS 7 853 412,53 kroner, og endeleg at

Miljødronningen AS skal betale sakskostnader til motparten og partshjelparen.
Miljødronningen AS har anka tingrettsdommen til Gulatings lagmannsrett.

- (5) Miljødronningen AS sette 29. mars 2012 fram kravsmål om bevistilgang til lagmannsretten.
Gulatings lagmannsrett gav 24. august 2012 orskurd med slik slutning:

- "1. Begjæring om at D plikter å fremlegge notatet av 22.04.2010 som ble opplest under hovedforhandling i Bergen tingrett 08.12.2011, tas til følge.
- 2. Begjæring om at D plikter å fremlegge all korrespondanse – inkludert e-brev og sms – mellom B og/eller A og seg selv i tidsrommet 01.03.2010 – 30.06.2010 vedrørende saken om ROV'en ombord i Miljødronningen AS tas til følge.
- 3. Begjæring om at D plikter å fremlegge all korrespondanse – inkludert e-brev og sms – mellom C og ham selv i tidsrommet 01.03.2010 – 30.06.2010 vedrørende saken om ROV'en ombord i Miljødronningen AS tas til følge.
- 4. Begjæring om at C plikter å fremlegge all korrespondanse mellom B og/eller A og seg selv i sin egenskap av styreleder i Fjellstrand AS i tidsrommet 01.03.2010 – 30.06.2010 tas til følge.
- 5. Begjæring om at C plikter å framlegge all korrespondanse mellom D og ham selv i tidsrommet 01.03.2010 – 30.06.2010 vedrørende saken om ROV'en ombord i Miljødronningen AS tas til følge.
- 6. Begjæring om at B og/eller A plikter å fremlegge all korrespondansen seg i mellom i tidsrommet 01.03.2010 – 30.06.2010 vedrørende saken om ROV'en ombord i Miljødronningen AS tas til følge.
- 7. Sakskostnader tilkjennes ikke."

- (6) *Fjellstrand AS, A, B, C, D og Sparebank 1 SR Finans AS (partshjelpar)* har anka over lagmannsrettens saksbehandling og rettsbruk. Det er i korte trekk gjort gjeldande at slutninga i lagmannsrettens orskurd rettar seg mot andre enn dei lagmannsretten har behandla som partar i saka, og at orskurden derfor må opphevast når det gjeld desse, jf. tvistelova § 30-3, jf. § 29-23 tredje ledd, § 29-21 første ledd og andre ledd bokstav d. Siden ingen av personane har vorte behandla som partar i saka, ligg det også føre eit brot på det kontradiktoriske prinsippet, jf. tvistelova § 11-1. Det er nærliggjande at ein slik feil har hatt innverknad på lagmannsrettens avgjerd, jf. tvistelova § 29-21 første ledd.
- (7) Subsidiært er det i anken gjort gjeldande at det er ein rettsbruksfeil når lagmannsretten har pålagt advokatane i saka og personar i leiinga av Fjellstrand AS å leggje fram dokument som advokat C har lovfastsett teieplikt for, jf. tvistelova § 22-5 første ledd. Partshjelparen har ikkje samtykka i framlegginga av den aktuelle korrespondansen, og § 22-5 tredje ledd kjem då ikkje til bruk.

- (8) Fjellstrand AS, A, B, C, D og Sparebank 1 SR Finans AS har sett fram slik felles påstand:

- "1. Gulatings lagmannsrett kjennelse av 24. august 2012 i sak 12-043617ASD-GULA/AVD2, oppheves.
- 2. Miljødronningen AS dømmes til å betale sakens omkostninger med tillegg av forsinkelsesrente fra forfall og til betaling skjer."

- (9) *Miljødronningen AS* har i korte trekk gjort gjeldande at det er rett at slutninga i orskurden frå lagmannsretten gir plikter til fire personar som ikkje er partar i saka. Men det ligg ikkje føre brot på kravet til kontradiksjon. Ein mogeleg feil er under alle omstende beskjeden og relativ, og det ligg ikkje føre nokon absolutt opphevingsgrunn.
- (10) Lagmannsrettens rettsbruk er korrekt. Det var såleis rett av lagmannsretten å leggje vekt på at Fjellstrand AS og SRF er ulike rettssubjekt, der SRF er partshjelpar, og også at ein

partshjelpar ikkje kan nekte parten å gi retten eit breiast mogeleg faktisk grunnlag, og inn under det også må løyse advokaten sin frå teieplikta. Dokumenta vart først gitt til advokat Pettersen i rolla hans som styreleiar i Fjellstrand AS. Ein partshjelpar kan ikkje etter å ha teke mot dokument frå parten forby parten å leggje fram dokumenta.

- (11) Miljødronningen AS har sett fram slik påstand:
 - "1. **Anken nektes fremmet.**
 - 2. **(Subsidiært) Anken forkastes.**
 - 3. **Fjellstrand AS, A, B, C, D og Sparebank I SR Finans AS pålegges å betale saksomkostnninger til Miljødronningen AS med kr. 20.000,-."**
- (12) *Högsteretts ankeutval* viser til at det er tale om ein anke over orskurd teken av lagmannsretten som første instans, og at ankeutvalet då har full kompetanse til overprøving.
- (13) Twistelova kapittel 26 har reglar for behandlinga av tvistar om framlegging og annan tilgang til realbevis. I Schei mfl., *Twisteloven, Kommentarutgave*, band II, heiter det på side 1222:

"Ved tvist om en part, vitne eller tredjeperson har plikt til å gi tilgang til eller fremlegge et bevis, skal retten avgjøre spørsmålet ved kjennelse, jf. § 19-1 annet ledd bokstav d. Før retten treffer sin kjennelse, må partene gis anledning til å uttale seg, jf. § 11-1 tredje ledd. Er fremleggelseskavet rettet mot tredjeperson, skal han - selvfølgelig - få uttale seg om kravet før det avgjøres. I fremleggelsesspørsmålet er han part, jf. Rt. 1998 side 583 og Rt. 1997 side 972."
- (14) Lagmannsretten skulle såleis ha behandla dei personane framleggingskravet vart retta mot, som partar i beivistilgangsspørsmålet. Dei skulle som ein del av dette vore gitt rett til å uttale seg om kravet.
- (15) Lagmannsretten behandla saka med berre Fjellstrand AS som part og med SRF som partshjelpar. Samtidig var alle dei fire personane framleggingskravet retta seg mot, kjende med kravet ut frå sine posisjonar. Merknader til kravet kom likevel berre frå part og partshjelpar.
- (16) Etter twistelova § 29-21 andre ledd bokstav d, jf. § 30-3, har det alltid verknad at ei avgjerd er teken mot nokon som ikkje har vore gjort til part i saka, jf. Rt. 1987 side 264. Sjølv om dei framleggingskravet vart retta mot, var kjende med kravet, kan det i denne saka ikkje hindre at denne saksbehandlingsfeilen fører til oppheving av lagmannsrettens orskurd.
- (17) Utvalet legg til at det – nærmest som ein refleks av manglande partsstilling – også var brot på kravet til kontradiksjon, jf. twistelova § 11-1 tredje ledd. Dette viser også at det er viktig med klare linjer om kven som er part i saka av omsyn til andre rettar og plikter under behandlinga av henne.
- (18) Det er etter dette ikkje nødvendig å gå inn på det som elles er gjort gjeldande.
- (19) Ankepartane og partshjelparen har påstått seg tilkjende sakskostnader med 20 000 kroner. Det er ikkje levert inn kostnadsoppgåve, jf. twistelova § 20-5 fjerde ledd, og kostnadene blir sette til 15 000 kroner. I tillegg kjem rettsgebyr med 5 160 kroner.
- (20) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G:

1. Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.
2. I sakskostnader for Högsterett betaler Miljødronningen AS til Fjellstrand AS, A, B, C, D og Sparebank 1 SR Finans AS i fellesskap 20 160 – tjuetuseneitthundreogseksti – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av orskurden.

Toril M. Øie
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Clement Endresen
(sign.)